



Ekteparet Dina og Tore har funne seg godt til rette på Eikelandet Brygge.

Ekteparet Dina (64) og Tore (65) Nordahl-Pedersen frå Os er no flytta til Uskedalen og har kjøpt seg leiligheit på Eikelandet. Dei har tidlegare hatt firmaet *Os Glass* der han var glassmeister, og ho dreiv med innraming. Den er seld, og no er dei pensjonistar. Dina kunne forresten tenkt seg ein liten jobb.

Dei har vore mykje i Uskedalen tidlegare heilt frå ungdomstida. At dei no valde Uskedalen var litt tilfeldig, men då dei vart klar over leiligheita på Eikelandet, var valget lett. Dei er seilentusiastar og har vore mykje på lange turar. Dei likar og å gå i fjellet og synes at uskedalsfjella er fantastiske.

Dei har 4 born som tykkjer at barnevakta er vel langt vekke. Dei får likevel ofte vitjing frå barn og barnebarn(13). Begge to gav uttrykk for at dei vil delta på ting som skjer i Uskedalen. Det er veldig bra.

Tekst og foto: Reidar Myklebust
Nett: Thor Inge Døssland